

---

Saksnr: 2021/54239-1  
Saksbehandlar: Jostein Fjærestad  
Dato: 12.11.2021

---

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Beredskapsplaner for kaier, fiskerihamner og farleier - svar på spørsmål i kontrollutvalet, 22.09.21

I samband med handsaming av sak GK 10/21 «Godkjenning av innkalling og sakliste» i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 22.09.2021 kom vararepresentant Klaus Iversen (V) med slikt spørsmål:

*«Sak GK 10/2021 - PS 51/21 - Beredskap vegnett.*

*Det er her vedtatt en beredskapsplan for vegnettet. Jeg legger til grunn at dette vil gjelde også for ferjekaier. Men fylket har også kaier, fiskerihavner og farleier som er viktige transportårer gjennom og ut/inn av fylket.*

*Har VLFK beredskapsplaner for dette? Kva går disse i tilfelle ut på? Hvis det ikke er slike beredskapsplaner: Er dette tema som VLFK vil / har plikt til å ta opp av eige tiltak? Eg er kjend med at farleier i all hovudsak har Kystverket ansvar for i sin alminnelighet. Er det likevel VLFK som har ansvaret for fylkesberedskapen omkring dette?»*

### Fylkesdirektøren vil gje følgjande svar på Klaus Iversen sine spørsmål:

1. Klaus Iversen legg til grunn at beredskapsplan for vegnettet også gjelder for ferjekaier. Overordna beredskapsplan for VLFK gjeld for alle typar hendingar der fylkeskommunen kan ha ei rolle/ansvar. Inkludert i dette er fiskerihamner som VLFK har ansvar for. Beredskapsplanen for INV gjeld for alle typar hendingar innan INV sitt ansvarsområde inkludert ferjekai.
2. Fylkeskommunen har ikkje beredskapsplanar for farleier. Dette er Kystverket sitt ansvarsområde. Kaier for anløp av hurtigbåt er eigd av kommunar og privatpersonar. VLFK har avtalar for anløp av slike kaier. Det ansvar som ligg på VLFK knytt til desse anløpsavtalane er underlagt den overordna beredskapsplan for VLFK.

I samband med regionreforma overtok Vestland fylkeskommune ansvaret for næringsaktive fiskerihamner i Vestland. Når det gjeld hamner som fylkeskommunen overtok i 2020, så gjeld forskrift om sikring av hamneanlegg. Her går det m.a. fram følgjande:

- Eigar av hamneanlegg er ansvarleg for at oppgåver og plikter etter forskrifta vert overhaldne.
- Vurdering av sårbarheit kan gjennomførast av Kystverket eller godkjent sikringsverksemd. Vurderingar av sårbarheit utført av sikringsverksemd skal godkjennast av Kystverket. Vurdering av sårbarheit er ein prosess for å

identifisere og vurdere sårbarheit for infrastruktur og eigendelar som er viktig å beskytte for deretter å fastsette dei riktige sikringstiltaka.

- Sikringsplan (plan for gjennomføring av tiltak som skal beskytte hamneanlegget og skip, personar, last, transporteiningar og skipsforsyningar i hamneanlegget mot risiko ved ei sikringshending). Sikringsplan skal utarbeidast med bakgrunn i ei vurdering av sårbarheit. Sikringsplanen skal godkjennast av Kystverket.
3. Fylkeskommunen har ikkje ansvar for fylkesberedskap knytt til farleier.
- Langs heile kysten vår er det eit nettverk av farleier, kategorisert anten som hovudlei eller bilei. Farleiene er transportsystemet vårt til sjøs, og har mellom anna betydning for forvaltning, planlegging, utbygging og operativ verksemd i kystsona. Kystverket har ansvar for utbetringar i farvatnet, som farleiene, og bidreg til betre tryggleik og effektivitet for ferdsel langs kysten.
  - Farleinormalen er ein intern instruks for Kystverket som skal nyttast i samband med arealplanprosessar, utbygging av farleier og hamner og ved handsaming av søknader om løyve etter hamne- og farvasslova. Normalen skal medverke til å oppfylle Kystverket sitt samfunnsoppdrag og hovudmålsettingar om ein effektiv sjøtransport, trygg ferdsel og hindre eller avgrense miljøskade som følgje av akutt forureining i norske havområde eller på norsk territorium.
  - Kystverket har ansvar for staten sin beredskap mot akutt forureining. Føremålet med beredskapen er å verne om liv, helse, naturmiljø og næringsinteresser til sjøs og på land. Kystverket sitt ansvar i samband med akutt forureining grensar opp mot private sitt ansvar og kommunane sitt ansvar, og gjeld tiltak ved større tilfelle av akutt forureining.
  - Kommunane skal syte for nødvendig beredskap mot akutt forureining som kan inntreffe eller medføre skadeverknader innan kommunen og som ikkje vert dekt av privat beredskap.